

# VÅGSMARKA BARNEHAGE

## ÅRSPLAN 2022/2023



## KONTAKTINFORMASJON

Vågsmarka 31, 5680 Tysnes

Veslefrikk: 47 62 24 77 Askeladden: 47 61 82 69 Styrar: 98 81 85 70

## PRESENTASJON AV BARNEHAGEN

Vågsmarka barnehage er ein kommunal barnehage. Me har to avdelingar, Veslefrikk og Askeladden. Det er barn frå 1-6 år på begge avdelingane. Kvar føremiddag har me aldersinndelte grupper på tvers av avdelingane. Namn på gruppene er Ugler, Spurvar, Hakkespettar og Blåmeisar.

Barnehagen vert drifta i samsvar med

- Lov <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>
- FN`s Barnekonvensjon <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/fns-barnekonvensjon/id88078/>
- Rammeplan <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>  
Strategiplan <https://www.tysnes.kommune.no/saman-om-framtida-strategiplan-for-oppvkst.6010369-424488.html>
- Vedtekter <https://www.tysnes.kommune.no/barnehagar.321816.nn.html>

## PRESENTASJON AV PERSONALET

- Anette Lande Gjøvåg, 80 % pedagogisk leiar, Askeladden, [anette.lande@tysnesoppvekst.no](mailto:anette.lande@tysnesoppvekst.no)
- Anette Skår, 100 % pedagogisk leiar, Askeladden, [anette.skaar@tysnesoppvekst.no](mailto:anette.skaar@tysnesoppvekst.no)
- Ingrid D. Raa, 80% barne- og ungdomsarbeidar, Askeladden
- Lina Kripaityte-Nordbustad, 100 % ,Askeladden
- Birgit J. Nes, 80 % pedagogisk leiar, Veslefrikk, [birgit.jensen.nes@tysnesoppvekst.no](mailto:birgit.jensen.nes@tysnesoppvekst.no)
- Inger Marie K. Dalland, 80 % pedagogisk barnepleier, Veslefrikk
- Kjersti Aasheim, 50 % barne- og ungdomsarbeidar, Veslefrikk og Askeladden
- Ann Bodil Jensen, 90 % assistent, Veslefrikk
- Pernilla Epland, 40 % barnehagelærer Veslefrikk [pernilla.epland@tysnesoppvekst.no](mailto:pernilla.epland@tysnesoppvekst.no)
- Julie - lærling, Askeladden
- Eldbjørg Knudsen, styrar, [eldbjorg.knudsen@tysnesoppvekst.no](mailto:eldbjorg.knudsen@tysnesoppvekst.no), tlf. 98 81 85 70

## BARNEHAGEN SITT SAMFUNNSMANDAT

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. (Rammeplanen s. 7).

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Borna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og forutsetningar. Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt, tryggleik, tilhøyrslø og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivnad og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap» (Rammeplan for barnehagen).

Dette er utgangspunktet for arbeidet vårt i barnehagen. I årsplanen fortel me korleis me jobbar med dette samfunnsmandatet.

## VELKOMMEN TIL NYTT BARNEHAGEÅR

Me får 6 nye barn hausten 2022. Velkommen til barn og foreldre. Me gler oss til å bli betre kjende med dykk.

## DEN FØRSTE TIDA I BARNEHAGEN

Dei første dagane i barnehagen er viktige. Då skal barnet byrje å knyte seg til dei vaksne. For oss er det svært viktig at barna blir trygge, og at foreldra er trygge på at barna har det bra. Barnet får ein primærkontakt som skal ta seg litt ekstra av barnet den første tida, men me legg vekt på at barnet skal bli godt kjent med alle dei vaksne. Etter kvart vil gjerne barnet knytte seg til andre vaksne enn den som er primærkontakt.

Alle barn er ulike, og det varierer kor lang tid dei treng for å bli trygge. Tre dagar til oppstart er minimum, så kan ein bruke meir dersom det er trong for det. Me har ein besøksdag om våren der barn og foreldre kan komme å bli litt kjende med oss.

## ORGANISERING OG PROGRESJON

Me vaksne i barnehagen er glade i rutinar, struktur og orden. Me trur også at gode rutinar og struktur skaper trygge barn. Derfor har me ein fast rytme for dagen. Kvar føremiddag har me aldersinndelte grupper. Her har me mange kjekke aktivitetar, og me ser at barna kosar seg. Desse gruppene er viktig for progresjon i arbeidet med barna. Me kan tilpasse opplegget





ut frå alder og utviklingsnivå. Me ser at det også er bra for personalet å jobbe på tvers av avdelingane, og alle i personalet blir kjent med alle barna i barnehagen. Dei yngste barna er ofte ute om føremiddagen, medan dei andre gruppene er ute om ettermiddagen.

## VISJONEN VÅR

Me har ein felles visjon for barnehagane i Tysnes: **GLADE VAKSNE, GLADE BARN**. Det er ein grunn til at me har glade vaksne først. Det er fordi me legg vekt på at me vaksne skal være gode rollemodellar, og dersom me har det bra, så smittar det over på barna.

## VERDIAR

Me har jobba mykje med verdigrunnlaget vårt i barnehagen. «Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen». (Rammeplan for barnehagen s. 7).

## OMSORG, LEIK, LÆRING OG DANNING

I følgje Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk skal sjåast i samanheng og samla bidra til barna si allsidige utvikling. (rammeplanen s. 19).

Leiken er den arena der barna utviklar seg og lærar.

## OMSORG

Rammeplanen seier at omsorg er ein føresetnad for at barna skal være trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gje barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre». (Rammeplanen s. 19).

Barn har rett til omsorg og skal bli møtt med omsorg.

Kva betyr omsorg for oss? Det betyr at:

- ❖ barna får ein klem når dei treng det
- ❖ dei har eit fang å sitje på
- ❖ har trygge, nærverande og engasjerte vaksne som bryr seg om dei
- ❖ dei får mat og drikke
- ❖ dei kjenner seg inkludert i fellesskapet i barnehagen
- ❖ dei har gode dagar, med tryggleik, latter og glede
- ❖ dei har tydelege rammer og grenser





- ❖ dei får medverknad over livet sitt i barnehagen
- ❖ dei får gode opplevingar og kjenner på meistring
- ❖ dei er sakna når dei ikkje er der
- ❖ at me arbeidar tett med foreldra om kvart enkelt barn

Me jobbar heile tide i personalet med å utvikle oss, og bli betre på dette. Me jobbar med å være til stede med barna til ei kvar tid. «Barnets beste» skal alltid være i fokus.

## DEMOKRATI OG DANNING

Rammeplanen seier at barnehagen skal støtte barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap. Eit demokratisk fellesskap der ein har respekt for ulikskapar, og har positive haldningar til å leve saman i fellesskap. Barnehagen skal være eit slikt inkluderande fellesskap. (Rammeplanen s. 21)

Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning er viktig for å meistre livet. Danning skjer i samspel/leik i barnehagen

Me jobbar med å gje barna verdiar, haldningar, sosial kompetanse og respekt for andre menneske. Barna skal ut i verda og møte mange menneske og ulike situasjonar. Me ynskjer at dei skal være nysgjerrige og ha tru på seg sjølv. Dette vil me gjere gjennom samtalar med barna, grupper med sosial kompetanse, og ulike aktivitetar dei er med på.

Korleis skal me være når me er i lag me andre menneske? Korleis skal me være når me er på besøk på plassar utanom barnehagen? Kva er viktig når me skal respektere andre menneske? Dette jobbar me mykje med, og me ser at barna er høflege og kjekke når me tek dei med på opplevingar utanom barnehagen. Då blir me stolte på vegne av barna.

I gode danningssprossar må me huske at me som jobbar i barnhagen, og de som foreldre, er viktige rollemodellar. Barn lærer av vaksne og andre barn.

## LEIK

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen», og eigenverdien til leiken skal anerkjennast står det i Rammeplanen. Leik er viktig fordi den har verdi i seg sjølv, og leik er viktig som grunnlag for danning og læring. (Rammeplanen s. 20).



Gjennom leik lærer barna blant anna:

- ☺ Samspel, sosial kompetanse, empati
- ☺ Språk og kommunikasjon
- ☺ Turtaking, gje og ta
- ☺ Fantasi, initiativ
- ☺ Å utvikle venskap
- ☺ Om livet gjennom ulike leiketema
- ☺ Motorikk, å bruke kroppen



Barna i vår barnehage skal få leike på eiga hand. Då lærer dei seg til å ta kontakt med, og knytte venskap med andre barn. Den frie leiken har ein verdi i seg sjølv. I tillegg skal barna også være med i leikegrupper der dei vaksne er med og bestemmer kven dei skal leike med.

Nokre barn treng å øve seg på å få være med i leik. Andre barn treng å øve seg på å inkludere andre i leik. Det er ikkje slik at alle skal leike med alle heile tida, men alle skal ha ein eller fleire BAREHAGEVENER dei kan leike med.

Korleis jobbe for at alle skal oppleve glede og tryggleik i leiken:

- ★ Jobbe systematisk med sosial kompetanse, auke barna si forståing for kvifor det er viktig med vener, korleis me kan få oss vener, og korleis me kan inkludere andre i leik
- ★ Ha gode samtalar med barna som strevar med å inkludere andre
- ★ Vaksne må observere, rettleie og hjelpe barn inn i leik
- ★ Vaksne må delta aktivt i leiken ved behov
- ★ Dele barna inn i mindre leikegruppe
- ★ Vaksne må observere og følgje med på om nokon barn blir stengt ute frå leik
- ★ Sette i gang tiltak dersom me opplever barn som ikkje får være med



## LÆRING

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre (Rammeplanen s. 22).

Barn ynskjer å lære, og lærer gjennom alle aktivitetar i barnehagen. Det gjeld både gjennom leik og styrte aktivitetar. Læringa i barnehagen skal være basert på gode opplevingar i lag med andre barn. Dei vaksne skal støtte barna sin leik.

Samlingsstunda er ein læringsarena med styrt aktivitet. Her er me delt inn i grupper etter alder, for å sikre god **progresjon** i arbeidet.



Me kjem til å trekke dei ulike fagområde inn i samlingane og i leiken, slik at barna lærer gjennom strukturert samling og gjennom å leike det dei opplever. Samlingane kan inspirere barna til leik og ulike aktiviteter.

## FAGOMRÅDA

De 7 forskjellige fagområdene i rammeplanen er:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn
- Mengd, rom og form.

Fagområda blir trukke inn i det daglege arbeidet i barnehagen



## KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST. ANTAL, ROM OG FORM

To fagområde me jobbar mykje med i kvardagen er «Kommunikasjon, språk og tekst» og «Antal, rom og form». Barna skal mellom anna:

- ❖ bruke språket til å skape relasjonar og delta i leik og aktivitet
- ❖ bruke språket til å uttrykkje kjensler, tankar og meiningar
- ❖ utvikle omgrepsforståing, og leike med språket
- ❖ møte tekst i form av bøker, eventyr og liknande
- ❖ oppdage og undre seg over matematiske samanhengar
- ❖ erfare og samanlikne storleikar og former
- ❖ oppleve glede ved matematikk
- ❖ leike og eksperimentere med tal, mengd og teljing

Me har fokus på språk og matematikk i alt me gjere i barnehagen. Samlingsstundene våre skal innehalde samtalar, rim, regler, munnmotorikk, bøker, tal, teljing, song, dramatisering og liknande.

I tillegg har me fokus på språk og tal dagleg gjennom gode samtalar, leik, spel osv. Det handlar om å «bade» barna i språk og gode språklege opplevingar. Tal og bokstavar heng på veggene i barnehagen. Fokuset er å «bli kjent med», ikkje nødvendigvis «lære».

Me har ulike verktøy me nyttar som hjelp i arbeidet Språksprell, og språkkiste inneheld leiker og aktiviteter til språkutvikling. Me nyttar også BRAVO – leiken som er ein leik med ord, bokstavar og setningar der barna nyttar alle sansane, lærer ord og omgrep.

Dersom barn har litt utfordringar med språkutviklinga si, startar med tidleg med litt hjelp og støtte gjennom litt ekstra fokus på språket deira, på avdelinga og i mindre gruppe.

Me nyttar også mykje bilete som visuell støtte i kvardagen.

## LIVSMEISTRING

LIVSMEISTRING er viktig i barnehagen. Det viktigaste me kan gje barna, er hjelp til å meistre livet. Me skal leggje eit grunnlag som gjerer at dei kan meistre livet no, når dei er 10 år, 20 år osv. Dette er eit stort oppdrag. Me jobbar mykje med dette i personalet.

Rammeplanen gjev oss mange føringar for kva me skal jobbe med, og me jobbar med dette gjennom heile året.

**ME KAN LÆRA BARNA MYKJE, OG DET SKAL ME, MEN DET VIKTIGASTE ER Å LEGGE EIT GRUNNLAG, SLIK AT DEI KAN MEISTRE LIVET NÅR DEI VEKS OPP. ME MÅ FYLLE OPP»RYGGSEKKEN» MED DET DEI TRENG FOR Å MØTE UTFORDRINGAR I FRAMTIDA.**



Rammeplanen seier at barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.

Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. (Rammeplanen s. 11)

For å ta vare på barna si fysiske og psykiske helse, skal me ha fokus på:

- ❖ Å skape gode, trygge og varme relasjonar mellom barn og vaksne
- ❖ Sosial kompetanse
- ❖ Å skape «Felles fokus», slik at barna klarer å fungere i lag med kvarandre
- ❖ Mat som er bra for kroppen
- ❖ Fysisk aktivitet
- ❖ Å ta vare på kroppen
- ❖ «Det er min kropp» - å seie nei til vonde ting
- ❖ Være aktive ute i naturen, og ta vare på naturen

## ARBEID MOT MOBBING

Systematisk arbeid med sosial kompetanse er med på å førebyggje mobbing.



Mobbing finnast i barnehagar. Mobbing er eit «alvorleg» omgrep. Me vel ofte å heller kalle det for utestenging. Ofte skjer dette gjennom utestenging frå leik. Barnehagane i Tysnes har ein plan for å hindre mobbing. Den inneheld også retningslinjer for korleis me skal handtere det dersom eit barn blir mobba. Dersom barnet fortel heime at han/ho ikkje får vere med i leik, eller ikkje har vener, er det viktig at foreldra tek kontakt med oss og fortel dette. Me ynskjer at alle barna skal vere ein del av eit inkluderande fellesskap i barnehagen.



Me har aktivitetsplikt i barnehagen. Dette blei lovfesta i barnehagelova i januar 2020. I dette ligg at dersom me ser at barn ikkje har det bra, eller foreldre fortel at barnet ikkje har det bra, så er det vår plikt å jobbe med dette.

## SOSIAL KOMPETANSE, MANGFALD OG RESPEKT

Arbeid med sosial kompetanse er med på å fremje mangfald, gjensidig respekt og god psykisk helse.

«Barna våre skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap.

Barnehagen skal vise korleis alle kan lære av kvarandre, og fremje nysgjerrigheit og undring over likskapar og forskjellar.

Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet» (Rammeplanen s. 9).

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å klare å få seg vener, og å være ein god ven. Sosial kompetanse er viktig for barna her og no, og får å meistre livet etter kvart som dei veks til.

SOFYKOS er ein plan for skular og barnehagar som omhandlar sosial kompetanse, fysisk aktivitet og kosthald.

Korleis jobbar me med sosial kompetanse:

- Gjennom strukturerte samlingar
- Observasjon av barna sitt samspel
- Er gode førebilete og rollemodellar
- Rettleiing og øve med dei barna som strevar
- Være nær barna, og delta aktivt i leik og aktivitet
- Øve og øve og øve

Me nyttar ulike pedagogisk materiale i dei ulike gruppene.

Dette handlar om progresjon. Opplegget skal være tilpassa barna sin alder og utvikling.

### Blåmeisane:

- «Steg for steg»: Her jobbar med mest med å bli kjende med dei ulike kjenslene våre.
- Handdokker

### Spurvane:


- «Kanin og piggsvin», handlar om vennskap og kjensler, opplevingar barna kan kjenne seg igjen i



- «Steg for Steg», bli kjent med kjenslene våre

### Hakkespettane:

- “Steg for steg”: her jobbar med mest med å bli kjende med dei ulike kjenslene våre. “Kanin og Piggsvin”: handlar om vennskap og kjensler, opplevingar barna kan kjenne seg igjen i
- “Nelly og Hamsa”: handlar om kjensler og opplevingar barna kan kjenne seg igjen i
- «Hjarteprogrammet», frå eit barn i fokus (EG) til eit nytt barn i fokus (DU) og vidare til heile barnegruppa (VI)



### Uglene:

«Det er mitt val» frå Lions klubben. Her er tema som:

- Me vil ha eit godt miljø i gruppa
- Me arbeidar saman
- Ta gode og trygge val
- Ta vare på kroppen
- Ta vare på kvarandre
- «Steg for steg»: Her jobbar med mest med å bli kjende med dei ulike kjenslene våre. Me ser på bilete og samtalar om det me ser. Me les også enkle bøker.

Me tek utgangspunkt i desse opplegga, men tilpassar innhaldet til det me ser gruppene treng.

## VENNSKAP

Rammeplanen seier at barnehagen skal legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barna må være trygge på at dei høyrer til, og oppleve glede gjennom fellesskapet med dei andre barna. Dette er viktig for barnas livsmeistring og all læring vidare i livet.

Korleis kan me jobbe for at alle barn skal oppleve å ha vener i barnehagen:

- ❖ Fokus på sosial kompetanse, empati og inkludering
- ❖ Vaksne må delta i leiken og observere venskapet mellom barna
- ❖ Hjelp dei som strevar inn i leik der dei kan oppleve meistring
- ❖ Hjelp dei som strevar med å inkludere andre i leik
- ❖ Dele barna inn i mindre leikegrupper
- ❖ Hjelp barna til å bli gode leikekameratar
- ❖ Finne barna sine styrkar, og fokusere på desse inn i leiken



## LIKESTILLING OG LIKEVERD


Rammeplanen sier: «Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik. Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen». (Rammeplanen s. 10).

Gjennom arbeidet med sosial kompetanse jobbar me mykje med at alle skal bli sett og høyrte. Ved å dele barna inn i mindre grupper etter alder har me gode høve til å la alle barna delta, bli sett og høyrte

## FOKUSOMRÅDET 2022 – 2025

### «SUNNE BARN»

### Fagområdet: «Kropp, rørsle, mat og helse» og «Nærmiljø og samfunn»



For barna er det viktig å være aktive, kunne fungere i lag med andre, ha sunne og gode matvanar, og å ta vare på kroppen sin. Dette er ein del av LIVSMEISTRINGA.

For å jobbe med å ta vare på barn si fysiske og psykiske helse, ynskjer me i ein treårs periode å jobbe med tema «**SUNNE BARN**». Her er fagområdet «Kropp, rørsle, mat og helse» og «Nærmiljø og samfunn» sentralt, men tema rommar mykje, så me kan trekke inn dei fleste fagområda her.

Me vil jobbe spesielt med:

- ☺ MAT, MÅLTID, BÆREKRAFT
- ☺ KROPPEN VÅR, FYSISK OG PSYKISK HELSE
- ☺ FYSISK AKTIVITET, NÆRMILJØ OG NATUR

Rammeplanen seier: «Mat og matlaging i barnehagen skal gje barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar» (Rammeplanen s. 11)



Gjennom brukarundersøkingane dei siste åra, har fokus på mat og måltid vore det me har sett at det kan være bra å ha fokus på. Me ynskjer å jobbe med dette over ein periode på 3 år.

Samstundes vil me kople det saman med god fysisk og psykisk helse, fysisk aktivitet og bruk av naturen i nærmiljøet. Eksempel på kva me vil ha fokus på:

## **MAT, MÅLTID OG BEREKRAFTIG UTVIKLING**

- ✚ Samtale med barna om sunn mat, og kvifor det er viktig
- ✚ Barna skal få delta meir i matlaging
- ✚ Varierte og sunne måltid, me har ein meny for varmrettar og ein meny for sunn lunchmåltid
- ✚ Pedagogisk innhald i måltidet: vennskap, gode samtalar, språkutvikling, god bordskikk, tal og teljing og mykje meir
- ✚ Berekraftig utvikling, korleis ta vare på naturen

## **KROPPEN VÅR, FYSISK OG PSYKISK HELSE**

- ✚ Korleis kroppen vår er bygd opp
- ✚ Korleis maten me et påverkar kroppen vår
- ✚ Korleis me kan ta vare på kroppen vår
- ✚ Hygiene
- ✚ «Hele meg, kropp og grenser»
- ✚ Sosial kompetanse, korleis få eit godt sjølv bilete, korleis klare å regulere seg sjølv

## **FYSISK AKTIVITET, NÆRMILJØ OG SAMFUNN**

- ✚ Bruke kroppen i fysisk aktivitet gjennom hinderløyper, ballaktivitetar, leik og
- ✚ Turar i nærmiljøet
- ✚ Turbutrakk, natursti og tur
- ✚ Naturvakter, oppgåver frå Uгла
- ✚ Bli kjent med naturen gjennom ulike årstider



Tidlegare kommunefysioterapeut har laga eit årshjul for fysisk aktivitet. Det inneheld øvingar for kvar månad i året. Desse øvingane viktige for barnet si utvikling av grunnleggjande rørsle.

Meir utfyllande innhald vil komme på vekeplanane.

## **BARNES MEDVERKNAD**


«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synes om dem daglege verksemda i barnehagen». (Rammeplanen s. 27).



At barna skal ha påverknad på sin kvardag i barnehagen er viktig for oss. Det betyr ikkje at dei skal få bestemme kva dei skal gjere til ei kvar tid, men at dei skal bli lytta til og teke på alvor. Barna skal oppleve at det er trygt og godt i barnehagen, og at me tek vare på dei og ser dei som enkeltbarn med kvar sine behov. Hjå dei yngste er det kroppsspråket som fortel oss kva dei ynskjer og ikkje. Me må være merksame på kva kroppsspråket deira fortel oss. Me har stor tru på faste rammer og god struktur, og innanfor dette er det rom for at barna får påverke kvardagen sin, og at planar kan endrast på.

Uglene skal ha kvar si veke der dei får velje tema ut frå kva dei er interessert i. Dei skal velje seg eit tema saman med foreldra. Gjennom dette får kvart barn være i fokus. Dei får vise og lære dei andre noko nytt.

## UTVIKLINGSARBEID – OPPVEKSTREFORM OG KOMPETANSELØFT



### OPPVEKSTREFORM

I 2022 har me fått ei ny barnevernsreform. Føremålet med dette er at barn som treng det skal få rett og god hjelp til rett tid. Det handlar også om å styrke samarbeidet mellom alle instansar som jobbar med barn i kommunen. Derfor er barnevernsreforma ei reform som også er ei oppvekstreform. Gjennom reforma skal :

- Kommunene skal styrke arbeidet med tidlig innsats og forebygging
- Hjelpen skal bli bedre tilpasset barn og familiers behov
- Rettsikkerheten til barn og familier skal bli godt ivaretatt

- Ressursbruken og oppgaveløsningen i barnevernet skal bli mer effektiv

Oppvekstgruppa i Tysnes kommune er ei gruppe som består av leiarane i kommunen som jobbar med barn og unge, og andre som er knytt til dette arbeidet. Me jobbar målretta for å få til eit godt samarbeid på tvers av etatar, slik at alle barn skal få tidleg og god hjelp når dei treng det.

## FØREBYGGJANDE TILTAKSTEAM

For å hjelpe barn og foreldre som treng litt råd og rettleiing, har kommunen oppretta eit førebyggjande tiltaksteam. Det er eit lågterskel gratis tilbod til familiar i Tysnes kommune. Her kan de som foreldre få råd og hjelp dersom de har uro knytt til barnet dykkar. Det kan være i høve psykisk helse, sosiale utfordringar, og utviklinga til barnet. Tiltaksteamet tilbyr:

- ❖ Individuelle samtalar
- ❖ Familiesamtalar
- ❖ Forelderettleiing
- ❖ Hjelp til med å finne andre instanser som kan kontaktas

Tilsette som er knytt til tiltaksteamet:

- ★ Susanna Heggland – kommunepsykolog/koordinator for teamet
- ★ Betsy Nikolaisen – psykisk helsearbeidar

De kan også snakke med oss i barnehagen, så kan me hjelpe dykk med kontakt



## KOMPETANSELØFTET

I barnehagane og skulane jobbar me også med «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis». Det heng også saman med oppvekstreforma. Me som jobbar med barn og unge, skal ha kompetanse nok til å gje alle barn den hjelpa dei treng. Målet er at:

- Alle barn og elevar skal oppleve å få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule
- Alle barn og elevar skal få høve til utvikling, meistring, læring og trivnad – uavhengig av kva føresetnadar dei har
- Alle som jobbar med barn og unge må jobbe i lag for å skape eit inkluderande fellesskap
- Det pedagogiske tilbodet må tilpassast slik at alle får eit best mogleg utgangspunkt for utvikling og læring.

I alle barnehagane og skulane skal me ha fokus på tre områder over fleire år:

- ☺ Overgangar, store og små
- ☺ Inkludering
- ☺ Fleirpedagogmetodikk



Me startar i år med å jobbe med å skape gode overgangar for barna. Det kan være oppstart i barnehage, overgang til ny barnehage, overgang til skule, og dei små overgangane mellom ulike aktivitetar i barnehagen. Slike overgangar kan være vanskelege for enkelte barn.

Hjå oss har me no fokus på dei små overgangane i barnehage kvardagen, gjennom blant anna:

- ✚ God struktur og faste rutinar
- ✚ Gje tydelege beskjedar, bruke få ord, eigen beskjed til dei som treng det
- ✚ Stemmebruk, me brukar låg stemme
- ✚ Ha ein merksemdssignal i overgangar, slik at barna også kan sjå at no skal me over i noko nytt
- ✚ Nytte dagkalender med bilete, slik at barna kan sjå kva som skal skje, ikkje berre høyre
- ✚ Sikre at det ikkje blir for mykje venting i overgangar, så blir barna urolege.

## OVERGANG BARNEHAGE/SKULE – FØRSKULEGRUPPA

Barnehagen skal saman med foreldre og skule legge til rette for ein god og trygg overgang til skulen (rammeplanen). Kommunen har ein eigen plan for overgang barnehage – skule. Me skal blant anna ha ei hospiteringsveke om våren, der førskulebarna er ei heil veke på skulen i saman med vaksne frå barnehagen



Det er stor stas å være Ugler i barnehagen vår. Barna gler seg stort til dei skal bli Ugler/førskulebarn.

Uglene har eiga samling kvar føremiddag. Ein dag i veka har dei førskuletrening der dei jobbar og leikar med bokstavar og tal, har ulike eksperiment, trener på korleis dei skal være i lag som gruppe, har fysiske aktivitetar.

## PERSONALSAMARBEID

Me har ei dyktig og flott personalgruppe i barnehagen. Det som pregar alle er at dei vil det beste for barna, og ynskjer at barn og foreldre skal ha det best mogleg. Me trivast godt på jobb og med kvarandre, og det har mykje å seie for vår og barna sin kvardag.

Me har jobba mykje med korleis me skal være i lag med kvarandre og med barna.



## PLANLEGGING, PEDAGOGISK DOKUMENTASJON OG VURDERING

«Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. (Rammeplanen s. 37). Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon».

Dette arbeidet går føre seg gjennom teammøter (pedagogiske leiarar og styrar), avdelingsmøte og personalmøte. Me har jobba mykje i seinare tid med at desse møta skal hengje saman, og det skal være «Læringsløyfer» mellom dei. Det vil seie at det me snakkar



om, og dei avgjerda me tek i eit av desse møte, skal følgjast opp i neste møte og ute på avdelinga. Arbeidet skal også dokumenterast. Dette er eit spanande arbeid, som sikrar kvalitet i barnehagen.

Dokumentasjon vil seie at me skriv ned kva me gjere, heng opp ting barna har laga osv. Pedagogisk dokumentasjon er litt meir enn dette. Det er når me snakkar om, i lag med barna eller dei vaksne, kva me har gjort, kvifor og korleis det gjekk. Ein del av den pedagogiske dokumentasjonen kan de lese i månadsbrev der ting me gjere er knytt opp mot rammeplan, målsetjingar og fagområda. Planlegging, dokumentasjon og vurdering er ein kontinuerleg prosess som går føre seg heile tida i barnehagen. De finn dette i

årsplanen, vekebrev, vekeplanar, bilete og rapportar i Visma og rundt omkring i barnehagen. Ta dykk gjerne ein tur inn og sjå.

## FORELDRESAMARBEID

Me ynskjer eit tett og godt samarbeid med dykk som foreldre. Rammeplanen seier: «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Rammeplanen s. 29). Foreldra har ansvar for oppsedinga av barna, og me vil hjelpe til litt på vegen. Me har ulike møtepunkt:

- I garderoben ved levering og henting, dagleg kontakt
- Foreldremøte
- Planlagde foreldresamtalar to gonger i året
- Møter med foreldre dersom det er noko de vil ta opp, eller noko me vil diskutere

Me ynskjer ein låg terskel for å ta opp ting med oss. Ingenting er for dumt til å spør om. Me ynskjer at de skal være trygge på at me vil barnet dykkar det beste, og me ynskjer eit godt samarbeid med dykk.

## VISMA

Me nyttar Visma som informasjonskanal i barnehagane på Tysnes. Det er viktig at alle foreldre er på Visma. Det er mykje viktig informasjon der. Ta kontakt med oss om det er noko de ikkje får til. Husk at de må gå inn å registrere samtykke i Visma.

## FORELDRERÅDET

Ein av dei to foreldrerepresentantane er også leiarar av foreldrerådet. Foreldrerådet består av alle foreldre, utan personalet. Rammeplanen seier: “Foreldrerådet skal fremme foreldrenes fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og foreldre skaper et godt barnehagemiljø” (Rammeplanen s. 30). Dersom det er ting ved barnehagen foreldra ynskjer å diskutere, så tek dei kontakt med foreldrerepresentantane.

Foreldrerepresentantar dette barnehageåret er Bente Sandal Hystad og Emilie Sjo Lavik. Desse er også med i samarbeidsutvalet.

## SAMARBEIDSUTVALET

Barnehagen har eit samarbeidsutval som består av 2 representantar for dei tilsette, to frå foreldra, ein frå kommunen og styrar.

“Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ” (Rammeplanen s. 30).

Samarbeidsutvalget skal få fremlagt saker som er viktige for barnehagen sitt innhold og verksemd, og for forholdet til foreldra.

Samarbeidsutvalget består av foreldrerepresentantene. I tillegg er desse med:

- Ein kommunal representant: Gjermund Kongsvik Lygre
- To frå personalet: Pernilla Epland og Ingrid Dalland Raa
- Styrarar Eldbjørg Knudsen





ME SATSAR PÅ EIT KJEKT ÅR I LAG MED BARNA  
DYKKAR. VELKOMMEN TIL OSS ☺

